

Til styret for boksamlingi.

Den 22. okt. 1938 vart Hordaland biblioteklag skipa i Bergen. Kring 40 sendemenn frå dei ymse bygder i fylket var frammøtte. Alle var samde um å skipa laget. Lover vart vedtekne og styre valt. Til styre vart desse valde: Andr. Liset, Hålsnøy Kloster, Pål Bakka, Fana, Kolbjørn Fjellanger, Lindås, Fru Lavik Løvteit, Nesttun og Ingv. Øvergård, Tyssedal. Bibliotekinspektøren er sjølvskreven i styret.

Me sender hermed lovene for Hordaland biblioteklag og bed um at boksamlingi vert innmeld, um det ikkje alt er gjort. Det vil og vera av stor verd å få mange einskild personar med, anten som livsvarige lagsfolk, eller som årlig betalande. Innmelding og lagspengar kan sendast til kasseraren Kolbjørn Fjellanger, poststad: Fjellanger.

Folke- og skuleboksamlingane hev ei stor oppgåva å arbeida for: kunnskap, opplysning og daning. Stuff sagt: Boksamlingane skal vera med å lyfta folket vårt til høgast mogeleg åndsmogning og til praktisk dugleik. „Les og lær og vert klok“ var riksråd Løvlands appell til norsk ungdom. Lat oss alle vera med i det verdfulle opplysningsarbeid, som boksamlingane her kan gjera.

Me veit det er mange interesserte kvinner og menn kring i bygdene for denne sak. Me veit og, at lesehugen millom vårt folk, jamt yver, er stor. Det gjeld berre nytta ut dette, soleis at det som vert lese er av byggjande verd, so ættene kan verta rikare og lukkelegare i framvoksteren. Skal dette lukkast, treng me stå samla og hjelpa kvarandre med råd og rettleiding - den sterke hjelpa den veike, den kunnige hjelpa den mindre kunnige. Det er eit sovore samarbeid Hordaland biblioteklag byd inn til - og vert alle med, vonar me det skal verta til vokster og framgang for vår sak.

Styret for Hordaland biblioteklag vil vera takksame um boksamlingane eller einskilde personar vilde gjeva oss tankar og idear til hjelp i arbeidet. Hev nokon spursmål å gjera som vedkjem biblioteksaki, vil fylkesinspektøren kunna gjeva fullnøgjande svar. Tilskrifti er: Bibliotekinspektøren i Hordaland, Bergens offentlige bibliotek.

Fær me den studnad me reknar med, er det tanken å skipa til korte kurs for bibliotekfolk kring i fylket - for på det vis å auka interessa og fagkunnskapen i bibliotekstell.

For styret i Hordaland biblioteklag
ANDR. LISET
f. t. formann.

E. S. Dei folkeboksamlingar som melder seg inn i Hordaland biblioteklag fær fritt tilsendt boki um Hordaland fylke i hundrad år (1837-1937.) Dei andre kan få boki mot å senda ei krona til porto. D. S.